

Ferda til Bøktopia

Bli med på ei ferde til det ukjende landet Boktopia!

Vi legg ut frå den trygge Bokhamna, ein idyllisk fiskelandsby. Det nye, magiske skipet vårt er endeleg ferdig, og no skal vi ta oss rundt om i landet Boktopia. Vi skal vitje fire stadar i dette segnomspunne landet.

For å reise må vi fylle segla på det magiske skipet vårt. Når du les bøker, blir segla fulle med vind, og skipet skyt fart, og slik kan du reise frå stad til stad! Du får eit kart som du må fylgje. Du kan merke av kvar du kjem!

Les gjerne [*Reisa til verdas farlegaste land*](#) for å kome i stemning!

Plakat på døra

Studere kartet

Tur til
biblioteket for
å låne bøker

Lage båt

BOKTOPIA



Her er kartet over landet Boktopia! Det er fire stopp som er merkte av – men kanskje får du lyst til å gjere fleire stopp?

Du får eit eige kart som du må fylgje. Du kan merke av kvar du kjem!



Lesestopp 1

Velkommen til Eventyrskogen!

I denne fortrylla skogen er alt roleg og grønt. Kan du høyre den svake lyden av bjøller som dansar i vinden? I eventyrland kan du treffe alvar og prinsesser – men hysj! Kva var det? Finst det skumle vesen også?



Første lesestopp: Eventyrskogen

Høgtlesing frå boka *Barnas store eventyrbok*

Les til dømes *Tre bukkane Bruse* (dei yngre elevane) eller *Fyrtøyet* (litt eldre)

Benjamin Lacombe, Jacob og Wilhelm Grimm: *Snøkvit*

Eller teikneserien *Katten og kråka*

Aktivitet:

- Dramatiser eventyr! Finn høvelege kostyme og bruk gjerne bilete på PowerPoint i bakgrunnen.
- Leik eit eventyr! Ver ulike eventyrfigurar og sjå kva som skjer!



Lesestopp 2

VELKOMEN TIL METROPOLIS

Sjå deg rundt! Her svevar flygebilar og rakettar, bygningane ser framande ut, eksotiske lukter strøymer mot deg – og kor rare alle menneska ser ut! Eller ... er det menneske?

2. Lesestopp: Metropolis

- Høgtlesing frå boka *Pølsetjuven* for dei minste elevane.
- Eller *Terra Victoris* for dei eldste elevane.

Aktivitet:

Bygg byen Metropolis i Minecraft, lego, papp eller plastilin!



Lesestopp 3

Velkommen til farmen

Dyregod


På denne farmen finst det svært mange dyr! Ein kan sjå papegøyar i trea, villgeiter i hagen, godmodige kyr som sleikjer i seg godbitar, og hestar som spring på markene. Kattane sløvar i skuggen, og hundane bjeffar lykkeleg når du nærmar deg porten. Påfuglar, svaner, ender og gjæser sym i andedammen. Og kva slags dyr er det eigentleg du ser der borte i skogen ?

Høgtlesing:

Ylva og villgeitene av Hilde Myklebust og Akin Duzakin

Som ein bror. Historia om sjimpansen Julius av Alfred Fidjestøl

Verdt å vite om dyras liv



Lesestopp 3: Farmen Dyregod!

Aktivitetar:

- ✓ Lag ein film eller ein presentasjon om favorittdyret ditt.
- ✓ Besøk ein gard eller ein stad med dyr.
- ✓ Ta med leikedyr til skulen og les for dei!
- ✓ Skriv ei dagbok om korleis det er å bu på ein gard
- ✓ Skriv ein faktatekst om eit dyr



Lesestopp 4

Velkommen til Øyverda

Havet skummar kvitt rundt oss når vi nærmar oss ei av dei mange små øyene i Øyverda. I den jungelliknande skogen finst det mange slag dyr og blomar, og i sjøen leikar det fisk, krokodiller, kvalar og ... ja, kva var eigentleg den skuggen djupt nede i vatnet? Eg trur ikkje eg vil ta eit bad!

Høgtlesing:

- *Monsterøglene på Svalbard* av Hurum, Helleve og van Hulsen
- *Brevet frå havet* av Osland og Duzakin
- *Skatten på sjørøverøya* av Robert Louis Stevenson



Lesestopp 4: Øyverda

Aktivitetar:

- Skriv ein flaskepost og send han.
- Lag ei faktabok om fisk, fugl eller fjerne øyar.
- Teikn eit fantasikart over Øyverda.

Fjørefest!

Når båten legg til kai igjen i Bokhamna, er lesereisa over. Og med alle dei gode venene og leseopplevingane vi har hatt, må det feirast! På stranda i Bokhamna riggar ein til ei scene, langbord og eit stort bål! Alle tek del, og nyt den milde sommarbrisen til langt på natt.

Det vert musikk! Framføringar! Pynt! Talar! Eksotisk mat! Opplesingar! Lesekviss! Eller kanskje ein tur ut i finvêret? Har du ei fjøre ein kan lage bål i, kan mykje gå føre seg der.

